

## Europaparlamentet 11. - 14. mars: Brexit, slovakias statsminister og kritisk haldning til Russland, Kina og Tyrkia

14. mars 2019

Europaparlamentet hadde plenumssesjon i Strasbourg denne veka. Sentrale punkt frå veka er:

- *Det er opp til Storbritannia å gjere framlegg til vegen vidare i brexit-forhandlingane*
- *Slovakias statsminister heldt ein EU-venleg tale, men fekk kritikk for manglande resultat i etterforskninga av journalistdrapet i fjor og for samarbeidet med Polen og Ungarn*
- *Parlamentet klarte ikkje å samle seg i ein felles posisjon om eit mandat for forhandlingar mellom EU og USA om ein handelsavtale*
- *Parlamentet vedtok kritiske resolusjonar om tilhøvet til Russland, kinesisk teknologi og situasjonen Tyrkia og parlamentet ynskjer ei europeisk Magnistky-lov knytt til brot på menneskerettar*
- *Parlamentet går inn for klimanøytralitet innan 2050 og at 35 prosent av forskingsinvesteringane bør gå til klimaformål*
- *Møte i den felles EØS parlamentariskkomiteen, semje om varslarvern og formelt vedtak av lov om urimeleg handelspraksis*

### **EU-toppmøtet 21. – 22. mars 2019 – brexit**

Debatten onsdag morgon om det kommande toppmøtet neste veke vart prega av at det britiske parlamentet tysdag kveld for andre gong stemte ned den framforhandla brexit-avtalen. Mange av innlegga viste til at det er opp til Storbritannia å komme opp med framlegg til konkrete løysingar. Fleire sa ei utsetting av brexit må baserast på at det er fleirtall i det britiske parlamentet for ei ny løysing.

Europaparlamentet [gjorde samstundes denne veka fleire hastevedtak](#) med reglar som skal hindre overgangsproblem i fall Storbritannia går ut av EU utan ein avtale. Dette gjeld mellom anna reglar knytt til studentprogrammet Erasmus+, mellombels tiltak knytt til luftfart og lastebiltransport og godkjenning av rettar for EU-båtar til fiske i britiske farvatn.

### **Europas framtid**

Slovakia skal vere i kretsen av mest integrerte EU-land. Det sa den slovakiske statsministeren, Peter Pellegrini, i ein [debatt om Europas framtid tysdag](#). Pellegrini viste til at Slovakia nå har ei positive utvikling etter store utfordringar med høg arbeidsløysing og strukture reformer, men det er behov for å investere i kompetanse og forskning og å vidareføre kampen mot korrupsjon, Det er bra EU har engasjert seg i spørsmål knytt til rettsstat og viste til at drapet på journalisten Jan Kuciak og sambuaren hans i fjor hadde blitt møtt med store protestar. EU må utvikle ein langsiktig visjon som innbyggjarane kan stole på og EU må vere relevant. Det betyr å løyse utfordringar knytt til migrasjon,

klima, sosiale og regionale skilnadar og unngå negative utfordringar av globaliseringa. Han tok til orde for europeisk minstelønn og støtta opprettinga av det europeiske byrået for arbeidslivsspørsmål (ELA) som Slovakia ynskjer skal leggjast til Bratislava. Slovakia stiller seg positivt til styrka forsvarssamarbeid i EU, men dette må vere komplementært med NATO-samarbeidet.

Mange i debatten rosa Pellegrini for ein god tale, men han fekk likevel kritikk. Mange tok opp drapet på Kuciak og kritisere regjeringa for ikkje å ha gjort nok for å oppklara dette. Pellegrini fekk også kritikk fordi medlemmer i hans regjering nyttar hatefull ytringar mot opposisjonen og for det tette alliansen med Ungarn og Polen innanfor Visegrad-samarbeidet. Slovakia må bidra til å stanse den ufruktbare retorikken om EU som mange politikarar i Sentral-Europa står bak. Enkelte var uroa for endringar i medielovene og for situasjonen til romfolk i landet.

I ein kommentar sa Pellegrini at sjølv om det er ulike syn internt i hans regjering i visse tilfelle, ha den samla ei klar EU og NATO-vennlig haldning. Han avviste at det er problem med pressefridomen i landet. EU må stå samla og byggje bru over ulike skiljeliner. EUs innbyggjarar må kunne stole på at EU betyr sikkerheit, framgang og demokrati.

### ***Ikkje semje om posisjon om handelsavtaleforhandlingar med USA***

Europaparlamentet klarte ikkje å samle seg bak ein felles posisjon i synet på handelsavtaleforhandlingar med USA. Medan sentrum-høgre (EPP), den liberale (ALDE) og den konservative gruppa (ECR) støtta Kommisjonen ynskjer om slike forhandlingar, var mange i sentrum-venstre (S&D), den grønne gruppa og fløypartia på venstre- og høgresida skeptiske til dette. Motstandarane meiner mellom anna EU bør krevje at USA opphevar straffetollen på stål og aluminium og sluttar å truge med biltoll før forhandlingar kan starte. EUs medlemsland må godkjenne eit mandat for forhandlingar med USA før forhandlingane kan starte. Handelskommisær Malmström har sagt forhandlingane kan starte i løpet av nokre veker.

### ***Russland, Kina, Tyrkia og menneskerettar***

#### *Russland*

EU må vere innstilt på [ytterlegare sanksjonar mot Russland](#). Det slo eit breitt fleirtal av Europaparlamentet fast i ein resolusjon tysdag som seier at landet ikkje lenger ein strategisk partner for EU. Parlamentet slår også fast at Russland må gjenopprette den territoriale integriteten til Ukraina. Globale utfordringar må taklast gjennom eit selektivt samarbeid med Russland.

#### *Uro for kinesisk teknologi*

Parlamentet vedtok ein [resolusjon om mogleg sikkerheitsrisiko](#) ved bruk av kinesisk teknologi i strategisk infrastruktur i EU. Både sentrum-høgre (EPP), sentrum venstre (S&D), den liberale gruppa (ALDE) og Dei grønne støtta resolusjonen. Den er ikkje bindande, men gjev eit politisk signal. Resolusjonen tek også bl.a. til orde for å styrke EUs cybersikkerheitsbyrå og eit EU-system for sertifisering av produkt, prosessar og tenester. Same dag la [Kommisjonen fram ei melding](#) om det strategiske tilhøvet mellom EU og Kina der landet mellom anna blir omtala som ein systemisk rival.

#### *Uro for utviklinga i Tyrkia*

[Europaparlamentet er uroa for utviklinga i Tyrkia](#) knytt til menneskerettar, rettsstat, pressefridom og korrupsjon. I ein resolusjon basert på Kommisjonenens årsrapport om Tyrkia, tek Parlamentet til orde

for å sette medlemskapsforhandlingane på vente. Samstundes opnar Parlamentet for at tollunionen mellom EU og Tyrkia kan moderniserast og ber om at EU støttar sivilsamfunnet i Tyrkia økonomisk. Kommisjonen sa i debatten at Tyrkia er ein strategisk partner, men at utviklinga går i feil retning og Kommisjonen er seriøst urolege over den tyrkiske regjeringa. Det rumenske formannskapet sa at medlemskapsforhandlingane i praksis har stansa opp, men at det er viktig å halde fram med dialogen med Tyrkia. Det minna også om at semja med Tyrkia hadde ført til redusert migrasjon og oppmoda landet om å normalisere tilhøve til Kypros.

#### *Felles EU-regime for MR-sanksjoner*

Europaparlamentet vedtok [torsdag ein resolusjon](#) som tek til orde for eit felles EU-regime for sanksjoner i samband med brot på menneskerettar. I debatten om saka var det både ulike syn på om eit felles regime er ein god idé, om sanksjonar har ein effekt. Det var også ulike syn på om EU bør kalle eit eventuelt regime ein Magnitsky-lov slik USA har gjort, men eit fleirtall gjekk inn for dette. Kommisjonen sa i debatten at EU nå må drøfte ulike alternativ for eit felles regime og minna om at det i tilfelle må vedtakast samrøystes.

#### **Klima og definisjon av bærekraftige investeringar (taxonomy)**

Europaparlamentet drøfta denne veka [EUs klimastrategi fram mot 2050](#). Eit fleirtall gjekk innfor eit mål om klimanøytralitet innan 2050 og viste til at det grønne skiftet også gjev nye moglegheiter for industrien, vekst og sysselsetting. Parlamentet meiner 35 prosent av EUs forskingsinvesteringar bør støtte klimamåla.

Miljøkomiteen i Europaparlamentet vedtok måndag etter ei lettare kaotisk avrøysting si innstilling til det såkalla taxonomy-rammeverket som skal gje eit rammeverk for bærekraftige investeringar i finanssektoren. Avrøystinga blir sett som eit nederlag for saksordførarane som gjekk inn for strengare kriterium for slike investeringar, mellom anna knytt til kol, enn det som vart vedteke. Norsk skognæring har følgd saka nøye fordi enkelte av endringsframlegga ville medføre svært strenge definisjonar av kva som er bærekraftig skogbruk. I ei [felles pressemelding](#) frå europeiske landbruks- og skogbruksorganisasjonar vises det til at innstillinga er betre enn frykta, men vi føre til administrative byrder og uvisse og forvirring om framtidige investeringar.

#### **Andre saker**

##### *Møte i den felles EØS-parlamentarikomiteen*

Svein Roald Hansen (A), Sigbjørn Gjelsvik (Sp) og Marianne Marthinsen (A) deltok på møtet i [den felles EØS-parlamentarikomiteen](#) i Strasbourg denne veka. På dagsorden sto mellom anna brexit, status for EØS-avtalen og forhandlingane i EU om revisjon av regelverket for trygdekoordinering.

##### *EUs tilhøve til Andorra, Monaco og San Marino*

Parlamentet vedtok ein [resolusjon om tilhøve til Andorra, Monaco og San Marino](#). EU forhandlar for tida ein rammeavtale med dei tre landa og Parlamentet er positive til å vidareutvikle samarbeidet. Resolusjonen oppmodar det neste Europaparlamentet til å etablere ein parlamentarisk delegasjon for samarbeid med desse tre landa. EU har i fleire år forhandla med ein rammeavtale. EU skal ynskje at avtalen skal inkludere ei form for automatisk innlemming av nytt regelverk, ei form for overvaking

og at landa må etterleve EUs rettspraksis. Både storleiken på dei tre landa, ulike ynskje mellom dei og dei pågåande forhandlingane med Sveits og Storbritannia har komplisert prosessen.

*Reglar mot urimeleg handelspraksis*

Europaparlamentet ga tysdag si [formelle tilslutning til avtalen med Rådet](#) om ei nytt direktiv som skal hindre urimelege handelspraksis i daglegvarekjeda. Direktivet vil mellom anna gje krav om skriftlege kontraktar, skjerpe krava til betaling og forby kanselleringa av ordrar med kort varsel.

*EU-vern av varslarar*

[Europaparlamentet og Rådet vart måndag samde](#) om eit nytt system for å stimulere til rapportering om brot på EU-loven og verne varslarane. Varslarar skal kunne velje mellom intern og ekstern varsling.

Med helsing

Per S. Nestande

seniorrådgjevar  
Stortingets Brussel-kontor  
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11

Mobil: +47 917 68 598

E-post: [psn@stortinget.no](mailto:psn@stortinget.no)

[www.stortinget.no](http://www.stortinget.no)